


+ KYRKJEHLSING

KYRKJELYDSBLAD FOR OSTERØY



NR. 2 PÅSKE 2014
39. ÅRGANG

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 80
Tom Sverre Tomren	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Per Inge Hove	56 19 22 93
Baard Eikaas	56 19 22 84
Ruth Hauge	56 19 22 86
Helga Mjelstad	56 19 22 85

Prestane:

Sokneprest Tom Sverre Tomren
Tlf: 45 63 68 93

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Organist Per Inge Hove	976 57 481
Organist Baard Eikaas	936 72 224

Trusmedarbeidar

Helga Mjelstad	480 95 658
----------------	------------

Kyrklege fellesråd:

Jenny Eikeland: Hamre sokn leiar
Margrethe R. Ådland: Haus sokn nestleiar
Wenche Fiskeseth: Bruvik sokn
Liv Skår: Gjerstad sokn
Jan Roald Myking: Hosanger sokn
Audun Mosevoll: Representerer Osterøy kommune
Inge Sørheim: Representerer Bjørgvin biskop

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Sveinung Hartveit
Hosanger: Jan Roald Myking
Hamre: Marit Angelskår
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Wenche Fiskeseth

Kyrkjehelsing redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Hild Breivik
Madli Hannisdal

Layout: Oda Karoline Foldøy

Påske



På kyrkjemøtet i Nikea i året 325 definerte forsamlinga tidspunktet for påska, slik det skulle praktiserast i kyrkja. Det var litt tungvint formulert: ”Påskedag er den søndagen som føl den fjortande dagen til den månen som oppnår denne alderen på den 22. mars eller umiddelbart etter”. I dag seier ein det gjerne slik: ”Første påskedag er første søndag etter første fullmåne etter vårjamndøgn”. Første påskedag vil alltid ligga mellom 22.mars og 25. april, så i år kjem påsken ganske seint.

Biletet på framsida viser opptakten til påska, etter kristen tradisjon. Det er måla på ein kyrkjevegg i Italia med tanke på å informera mest mogeleg om den aktuelle hendinga. Motivet er eit av mange i denne kyrkja som fortel bibelhistoria i bilete. På den venstre langveggen har dei måla det gamle testamentet, og på den høgre det nye. Arbeidet vi tek med her er utført i fresco-teknikk av ein mann frå Siena, *Lippi Memmo* (1291 – 1356). Fresco – teknikken er ganske krevjande. Arbeidet må utførast medan murpussen er våt, slik at fargane tørkar inn i sjølve strukturen. Ein bør vera godt førebudd og stø på handa for at eit slikt arbeide skal bli vellukka.

Vi ser Jesus som rir inn i Jerusalem. Biletet kan også fortelja betraktaren om den vesle tollaren Sakkeus som har klatra opp i eit morbærifikentre for å sjå betre. Forteljinga om han står i Lukas-evangeliet, og hendinga skjedde då Jesus kom til Jeriko, like før han drog til Jerusalem. Men kunstnaren har konsentrert bodskapen og slege dei to hendingane saman. Vi ser folket som la teppe på bakken framføre følget som kom inn mot byporten. Flokken bak Jesus med gloriaar er lærersteinane. Peter har fått ein stor plass i biletet, det er mannen med nøkkelen. Han kom jo seinare i påska til å spela ei sentral rolle som fornekta og som sverdsvingar.

Vidare ser vi følet som vandrar saman med esel-mora. Alle dei fire evangelistane skriv nokså samstamt om hendinga, men berre Matteus nemner eit føl som er med mora si på vandringa. Jesus nyttar seg av eit esel som ridedyr. Vi tenkjer kanskje ikkje over det, men esel var ridedyr for dei underprivilegerte. Rikfolk, kongar og krigsmenn nyttar hesten som ridedyr. Ved val av transportmiddel seier Jesus frå om kva gruppe i samfunnet han ønskjer å representere, samstundes som han signaliserte at han kjem i fred.

Kyrkja ein må reisa til for å sjå dette kunstverket ligg i Toscana, i den vesle byen San Gimignano som er kjend for alle tårna sine. Det står tolv høge mellomalder-tårn att i byen, eit minne frå den tida dei rike familiene ville byggja høgare enn naboen. Kyrkja som ein gong var domkyrkje, heiter Collegiata di Santa Maria Assunta og er rikt dekorert av fleire kunstnarar frå 13 og 1400 – talet.

- Kristoffer Foldøy

Palmesøndag

Andakt v/ Inge Sørheim

Eg har gode minner frå palmesøndagsgudstenesta då eg var barn. I Fjell kyrkje, som då var mi kyrkje, var det tradisjon at barna fekk utdelt palmegreiner på denne dagen. Så deltok vi i palmesøndagsinntoget i starten av gudstenesta. Desse palmegreinene var kunstige. Dei var laga av grøn, tjukk papp, og stiva opp med blomsterpinne, som fekk funksjon som grein. Og den kunne vi halde i. Eg hugsar dei godt, desse palmegreinene, for dei var så solid laga at eg fekk vifte med dei kvar söndag i fleire år. Nokre var sirleg klippa ut og hadde mange blad. Omtrent slik som treet du kan sjå på framsida av dette bladet, det med ein mann oppi. Han ser forresten ut til å ha tatt ansvar for å skaffe palmegreiner på akkurat dette biletet. Så hugsar eg at nokre andre av palmegreinene var enklare i utforminga. Desse forsøkte eg å unngå. Eg ville vifte med dei flottaste greinene...

Det er forunderleg kva som fester seg i eit barnesinn. Eg hugsar eigentleg ikkje noko særleg frå desse gudstenestene. Eg kan ikkje hugse kven som var prest. Eg kan ikkje hugse om det var dåp. Eg kan heller ikkje hugse kva som vart sagt av presten i preika. Men eg hugsar palmegreinene. Korleis dei var å vifte med. Og så hugsar eg songen vi song då vi gjekk i midtgangen i kyrkja. Salmen står som nummer 23 i den nye salmeboka, og er slik:


*Hosianna, Davids son!
Velsigna vere han!
Velsigna Davids son
som kjem i Herrens namn!
Hosianna i det høgste,
hosanna, Davids son!
Velsigna, velsigna
velsigna vere han!
Velsigna Davids son
Som kjem i Herrens namn!*

Desse to intrykka har festa seg for alltid: palmegreinene og songen. Men eg forstod kanskje like lite som dei som vifta med ordentlege palmegreiner den gongen Jesus rei på eit esel inn i Jerusalem. Dei som trudde at dei hylla ein profet og ein konge. Og som nokre dagar seinare skulle rope korsfest i staden for hosianna. Forresten, eg forstod ganske mykje meir. For meg var palmesøndagen ein forsmak på sjølve påskedagen. Eg visste kva som skulle skje med Jesus. At han skulle bli korsfesta, gravlagt, og at han skulle bli reist opp frå dei døde på påskedagen. Og så eg gledde meg veldig til påskedagsmorgen. Då venta påskeegg med mykje godteri.

Minna om palmesøndag og påskedag fortel meg kor viktig det er å ta barn på alvor. Gje dei opplevingar som handlar om meir enn å sitje i ro og å lytte. Gje opplevingar som er treff ulike intelligensar. Tenk om forteljinga om Jesus som rei inn i Jerusalem berre hadde blitt lest høgt frå tekstboka, eller kun blitt snakka om i preika på desse gudstenestene. Då kan det vere at eg ikkje hadde hatt same kjensla når eg tenker palmesøndagen, som eg har no.

Eg var openbart ikkje eit barn som høyrd nøye etter kva presten hadde å seie, eg gjymde tydelegvis sjeldan desse orda i hjartet mitt. Men eg var eit barn som var glad i å vifte med kunstige palmegreiner og synge Hosianna Davids son! Og eg trudde på forteljinga om Jesus, den gong, som eg gjer i dag. Eg har forresten alltid vore glad i å gå på gudsteneste, sjølv om eg ikkje hugsar så mykje frå alle saman.

Så ver velkommen til gudsteneste i kyrkja i påskan både store og små – og god påske!



TÅRNAGENTHELG – EI OPPDAGESESFERD I BRUVIK KYRKJE

Tekst: Wenche Fiskeseth

Foto: Otto Mo

Bruvik sokneråd arrangerte "Tårnagenthelg" i kyrkja laurdag 25. og søndag 26. januar. Desse var med: Thea Hekland Hauge, Andreas Vik Svåsand, Oskar Skjold Olsen, Selma Skjold Olsen, Ronja Lovise Fredheim Løtveit, Håkon Rene Vik Svåsand, Ole Myhre-Brudvik, Magnus Revheim, August Kristiansen, Endre Revheim og Margrethe Sørheim.

Agentane møtte opp laurdag klokka 16.00 og fekk først fortalt historia om "gullgravaren" som drog frå Olsnes til Amerika og kom heim "styrrik". Så dvelte dei ei stund ved bautaen over dei falne frå bygda under siste verdskrig. Det blei gjeve ei orientering om den nybygde Prestekaien der folk før i tida fortøyde båtane sine når dei skulle til kyrkje. Det var ingen vegforbindelse den gongen. Ungane stilte seg undrande til at dei måtte ro. Hadde dei ikkje påhengs?

Neste stopp var våpenhuset. Her vart det ei orientering om namnet, våpen måtte ein leggja frå seg her. Alle var einige om at det skulle vera fred i kyrkja! Så var det opp trappa til galleriet, der nesten ingen av agentane hadde vore før. Det gamle orgelet som har belg som vert traktert manuelt, vakte stor beundring. Agentane skifte på å tra belgen eller spela enkle songar.

Så var det eit spørjeskjema som låg klart. Her skulle agentane svare på seks spørsmål med tre alternative svar. Kva kallar vi han som spelar under gudstenestene?

Er det spelemann, organist eller bandleiar? Eller, kva seier presten når gudstenesta er over? Vel heim, gå i fred eller ha det? Agentane var stort sett einige om organisten, men kva presten sa til slutt lurté dei meir på.

Så skulle agentane på ei spanande ferd opp trappa til nederste klokkerom. Trappa er delt i to, den nederste delen er i trygge omgjevnader med panelte veggjar og tak medan den andre er bratt, mørk, støvete og knirkete. Har oppe ser ein det grove standarverket og ei gammal, sprokken kyrkjemerkje omkransa av blafrande stearinlys midt på golvet.

Tårnagentane blei stille. Historia om den sprokne klokka som blei skifta ut ein gong på 1930-talet blei fortalt med kviskrande stemme, akkompagnert av CD med Sissel Kyrkjebø. Det vart ei mest uverkeleg stemning. "Går det an å lima klokka saman og flytta ho opp att?" var det ein som lurté på.

Eit klemt frå den store klokka ovanpå braut stilla. Neste post var å komma seg opp i sjølvé klokketårnet. Frå nedste klokkerom og opp i tårnet går det ein stige. Den er bratt, og opninga opp i tårnet er ikkje større enn at ein vaksen mann akkurat kjem seg gjennom. Ungane kom seg opp og blei plasserte langs veggjar rundt klokkene. Her hadde ikkje nokon av agentane vore før. Med utsikt over heile Bruvik og over fjord og fjell, vart dei trygge og rolege att. Etter ei kort orientering om korleis klokkene blei brukte, kom høgdepunktet: Eit klemt pr. tårnagent. Soknerådet hadde vore litt i tvil om dette var greit, men hadde kome til at alvorlege hendingar i vår tid blei varsle over radio og ikkje frå kyrkjetårnet.



Stolte diplomeigarar.



Dåpsritualet vert demonstrert.

Nedturen frå tårnet blei verre. Agentane måtte gå baklengs ned trappa, og fekk eit glimt ut over loftet der dei meinte å sjå siluetten av ein arbeidskar med rallarhatt og verktøy. "Det var han som bygde kyrkja", prøvde vi oss med.

Etterpå stod sjølve kyrkjerommet for tur. Soknerådet hjelpte til med å gje ei innføring i dei kyrkjelege rituala. Måleriet over alteret med Jesus og to born vekkte interesse. Kven var dei to borna? Vi fortalte at dei var frå Bruvikbygda. Og så gjekk vi gjennom dåpsritualet med prosesjon frå ytterdøra og ei dokke som dåpsbarn. Deretter song alle agentane saman med trusmedarbeidar Helga Askeland Mjelstad "Du er sola i livet mitt Jesus". Så var klokka blitt 18.00 Foreldra kom for å henta dei utdanna tårnagentane, men måtte vente til spørsmåla var gått gjennom og den høgtidelege utdelinga av Tårnagent-diplom og sjokolade-medalje var gjennomført. Til sist var det pølser, gele, brus og kaker.

Så kunne alle forlata Bruvik kyrkje for denne gongen. Berre byggmeisteren og den sprukne klokka vart att.

Gudsteneste, søndag 26.01. Tema var Jesus spørsmål til den blinde mannen utanfor Jeriko: Kva vil du eg skal gjera for deg?

Borna som hadde delteke på tårnagenthelg vart engasjerte i heile gudstenesta. Dei kom inn i prosesjon med brød og vin, blomar, bibel og alterbok. Seinare fekk dei høyra og sjå gjennom historia om den blinde Bartimeus. Han fekk att synet, og følgde Jesus. Spørsmålet frå Jesus kan gå til oss også, og borna fekk plakatar som kunne formast til orda Jesus formulerte. I forbøna deltok borna med ballongbøner. Dei sprakk nokre ballongar og inne i dei fann borna korte bøner som dei las og gjorde rørsler for å synleggjera temaet i bønene. Til sist song borna velsigninga og "Du er sola i livet mitt Jesus" med flotte rørsler og stort engasjement.



I klokketårnet.

BARNEKOR I HOSANGER



Søndag 16.februar vart det feira SPRELL LEVANDE gudsteneste i Hosanger kyrkje. Kyrkjelyden markerte innsetjing av kantor Per Inge Hove og avskil med organist Liv Skoglund. Fotlandsvåg søndagsskule song saman med barnekoret i Hosanger kyrkje. Dette var første opptrinn for barnekoret sin del, og alle barna gjorde ein flott innsats. Barnekoret i Hosanger kyrkje vart starta opp sist haust av Per Inge Hove og trusmedarbeidar Helga Askeland Mjelstad.

Barn frå 1.-7.klasse er velkomne. Koret har øving annankvar tysdag frå kl.17.00-18.00. På øvingane lærer me songar, gjerne rørslesongar. Elles har me det kjekt saman med leik, utloddning og ein kort andakt. Dersom nokon lurar på om dei skal begynna, er dei velkomne innom på ei øving! For meir informasjon, ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret på tlf. 56 19 22 85.

Trusmedarbeidar
Helga Askeland Mjelstad

SØNDAGSSKOLEN
Bergen krets

SOMMERLEIR PÅ WALLEMTUNET
2014

A small photograph showing a group of people, likely children, walking along a path near a building with a flag flying from a pole. The background shows hills and a clear sky.

Aktivitetsleir 6.-8.kl. Tårnagentleir 3.-5.kl. Opp/Ned-leir 1.-4.kl.

Sommerleir er spennende!

Du treffer gamle venner og får nye. Finner på mye moro sammen og opplever sosialt og åndelig fellesskap gjennom ulike samvær og bibeltimer.

Vi vet at sommerleirene på Wallemtunet for mange er et av årets høydepunkter.

Leirstedet vårt ligger i flotte naturomgivelser på Kvamskogen.

Det blir lagt opp til 3 leirer i sommer:

21.-24.juni Aktivitetsleir 6.-8 klasse kr. 750,-

24.-27 juni Tårnagentleir 3.-5 klasse kr. 600,-

27-29 juni Opp/Ned leir 1.-4 klasse kr. 400,-

GRUNNLOVSJUBILEET OG KYRKJA SI ROLLE I 1814

Mellom dei som møtte på Eidsvoll 10. april 1814 for å laga Noreg si grunnlov, var ei stor gruppe utpeikt av dei ulike kyrkjesokna i landet. Dette var jo før vi hadde fått kommunar, og demokratiet fungerte slik at kvart kyrkjesokn skulle peika ut to representantar eller valmenn. Valmennene i kvart fylke (eller amt), møttest så for å peika ut tre som skulle reisa til Eidsvoll.

Riksarkivet har henta fram alle valdokumenta fra den gongen, for kyrkjesokna måtte senda inn det dei kom fram til. Her er breva som vart sende fra Osterøy.

HAUS/HAUS, GJERSTAD, BRUVIK, MJELDE OG STAMNES

Til Norges Regent! Prinds Christian Frederich!

Vi takke alle Gud, at vi under nærværende Nød, have en til Norges Throne odelsbaaren Fyrste hos os, der vil paataage sig at virke til det norske Folks Sikkerhed. Du har, Allerenaadigste Fyrste! vore Hierter, og vi hylde dig gjærne, som vor, og som heele Norges Regent. Gud krone dit Kongelige Mod, og dine Fyrstelige Bestræbelser med Hæld!

Vi adlyde allrerunderdanigst Dit Allerenaadigste Bud, i det vi paa samtlige Hougs Præstegjælds Almues Vægne, afsænde disse valgte Mænd, nemlig: af Hougs Meenighed Lehnsmann Johann Michelsen Borge og Johannes Nielsen Ytre Arne, af Gierstae Sogn Niels Nielsen Nordre Reviem og Mons Johannesen Smaaland og af Brudvig Sogn Thomas Johannesen Skafthuen og Niels Knudsen Dahle, af Mielde Sogn Lars Hansen Hanidalen og Anders Monsen Øvre Mielde og af Stammæs Meenighed, Niels Johansen Kalland og Johannes Johannesen Gammersvig til det af Amtet bestemte Stæd, Bergen, for, med de fra de andre Præstegjælds Afsændte, at handle efter hvad Dit aabne Brev af 19de Febr. Allerenaadigst bestæmmer.

Undertægnet i Hougs Præstegjælds Hoved Kirke, den 13de Marts 1814.

Allerunderdanigst paa samtlige 5 Meenigheders Vægne i Hougs Præstegjæld

Undertegnet i Stammæs Kirke paa samtlige Meenigheds Vægne d. 20de Martz 1814.

Allerunderdanigst af
W. F. K. Christie, Sorenskriver. Bøgh, Foged. J. K. Meyer,
Sognepræst. S. H. Friis, resid: Kapellan.

J. J. Boasen, Lensmand for Schioldskibrede. Johan Harbitz, Forsanger for Hougs Meenighed.

Jacob Ellevesen Lohne, Lensmand. Johannes Nielsen ytre Arne. (mpp)
Ole Johannesen Askeland. (mpp) John Sjursen Solberg. (mpp) Lars Aschildsen Myching. (mpp)

Ole Sjursen Kirke Brudvig. (mpp) Niels Erichsen Helle. (mpp)
Johannes Olsen nordre Vesætter. (mpp) Aschild Olsen Rølland. (mpp)

Ole Johannesen Hækland. (mpp) Anders Nielsen Hvidsteen. (mpp)
Jens Nielsen Hvidsteen. (mpp) Ole Olsen Rivenæs. (mpp)

Anders Rasmussen Egemoe. Niels Olssen Øye.

Stork Halstensen Qvarne. (mpp) Knud Askildsen Wiig. (mpp)

Niels Johnsen Kalland. (mpp) Jacob Olsen Grøsey. (mpp)
Haldor Monsen Øye. (mpp)

Anders Døvigen. (mpp) Anders Johnsen Mørkter. (mpp)

Johannes Johannesen Gammere. (mpp) Ole Størksen Liere. (mpp)

Anders Olsen Kaastæ. (mpp) J. K. Meyer, Sognepræst.

HAMRE

Til Norges Regent!

Efter Deres Kongelige Højheds naadigste Befaling blev den anordnede Bededag holdt i Hammers Hoved Kirke for heele Hammers Præstegjeld Fredagen den 11te denne Maaned. — Præstegjeldets samtlige Almue af Mandkiønnet over 15 Aars Alder mødte og aflagde med Lyst og redeligt Fædrenelands-Sind Eeden: at hævde Norges Selvstendighet og vove Liv og Blod for Fædrenelandet. —

Efterat Gudstienesten var forbi, blev af Meenighederne udvalgt de 2 Mænd: Proprietair Johan A. Greve og Bonden Peder Pedersen Rønhovde til, som Valgmænd, at møde med Amtets øvrige Menigheders Valgmænd paa det af Amtets Ørvighed bestemte Sted, for at udkare Repræsentanter, der, paa Amtets Vegne, skulle møde paa Ejdsvold den 10de næste Maaned.

Naadigste Prinds! Hammers Præstegjelds Beboere glæde sig ikke mindre end deres øvrige Norske Brødre over, at Fædrenelandet er saa lykkeligt i sit Skiød at have en Mand, af Kongelig Byrd med Kongeligt Sind, bereid til med Sverdet at hævde Rigets Selvstændighed og med Viisdom og Fader-Omhue at give Landet Freed og Frihed, Lykke og Velstand. — Vi takke Himlen for den store Velgierning, at den sendte os Deres Kongelige Høyhed i Nødens Stund, at den gav Dem Mod og Viisdom til kraftigen at antage Dem og fremme Norges Sag, og vi nedbedre den Allerhøjestes Velsignelse over ethvert af Deres Kongelige Højheds ædle Foretagender.

Hammers Præstegaard den 23de Martii 1814.

Underdanigst

H. Bergendal, Sognepræst Jan A. Greve, Proprietair.
Peer Peersen Rønhovde.

Lars Echangen, (mpp) Jens Olsen Espelie, (mpp)
Eleva Rachnæs, (mpp) Daniel Ulseth, (mpp)

Ole Bøntvedt, (mpp) Peer Erichsen Aastvedt, (mpp)

HOSANGER

Til Hans Kongelige Høyhed Norgets Prinds Regent!

Efter den os Underskrevne høyeste Befaling befuldmægtige vi herved disse følgende agtbare Dannemænd af Bondestanden og Gaardbrugere af Hosangers Præstegjeld nemlig Ole Olsen Wassel og Baste Bastesen Spurchnland at over bringe den af Hosangers Menigheder aflagte Eed, at de vilde i Fremtiden hævde Norgets Selvstændighed, og at vove Liv og Blod for det elskede Fædreneland og at de vilde paa ovennævnte Almues Vegne møde og stemme ved den berammede Forsamling af Nationens udvalgte Mænd i Anledning af Norgets nærforsættende Regiæringersform.

Underdanigst

Holme Præstegaard d: 11te Marts 1814.

Frederich M: Arentz,
Kaldets Sognepræst. Stepen Olsen Galteland.
Anders Rasmussen Hiemvig. Lars Arnesen ytre Eyde.
Ole Arnesen Ytre Eyde. Johannes Seimunsen Fladaas.
Anders Jacobsen Klæveland. Siur Larssen Kiennæs.
Knud Knudtsen Gieltvedt. Ole Johannesen Nese.

Ellef Knudsen Farrestvedt. Lars Olsen Ladigen.

Knud Rasmusen Lellejord.

KYRKJEMÅLAREN SOM RESTAURERTE HAMRE KYRKJE

Ola Seter vart fødd på Indre Seter i Halsa på Nordmøre 3. juledag 1890. Som eldste son på garden var planen at han skulle ta over bruket når den tid kom. Og han tok endå til landbrukskule. Men gardbrukar blei han aldri. Det låg andre arbeidsoppgåver og venta på den unge mannen.

Tekst: Kristoffer Foldøy

På Osterøy er det framleis mange som hugsar denne høgreiste, mørke og spinkle karen som stod ansvarleg for restaureringsarbeidet i Hamre kyrkje nokre få år etter krigen. Han var på det tidspunktet for ein autoritet å rekna innafor området, og arbeidde på oppdrag av Riksantikvaren. Ola Seter har reist land og strand i liknande oppdrag frå han byrja med heimekyrkja i Halsa i 1921 til han avdekkja middelalderske kalkmåleri i Byneset kyrkje, Trondheim, i 1971. Til saman har det blitt meir enn 500 kyrkjer.

Han fortel frå oppveksten:

"Eg byrja tidleg å teikna, og dei første kunstverka mine vart teikna heime på stovegolvet med kolstykke frå omnen. Desse teikningane fekk eg ofte julung for, men det var som om kolstykka hadde ei særskilt makt over meg. Ein gong fekk eg ei øskje med seks fargeblyantar i. Det vart for meg ei rik og kjær gåve, og dei vart nyitta ut til siste mole."

Ola Seter kom altså ikkje frå eit oppvekstmiljø der ein møtte kunst eller kunstnarlege uttrykksformer i det daglege. Tvert imot. Han fortel at det var då han flytta til Oslo for å gå på teknisk skule hausten 1909 han kom i kontakt med kunstuttrykka:

"Eg nyttja tida attå skuletimane til å gå i museum og på kunstutstillingar, og så kom eg i kontakt med nokre elevar



frå Kunst- og handverksskulen. Eg hadde aldri trudd at folk gjekk på skule for å læra å teikna og måla, men no fekk eg vita det og. Eg hadde ikkje sett eit einaste maleri før eg kom til Oslo, ikkje ein skulptur heller, det var ikkje slikt noko på landsbygda."

Så søkte han sjølv om opptak på denne skulen, kom inn og studerte der i fire år. Han måtte låna pengar, men støtta på økonomien med å selja maleri. Han laga mange bilete, og hadde separatutstilling i Kristiansand også.

Men det var restaureringsarbeidet som kom til å bli livsverket hans. Då Domenico Erdmann frå Riksantikvaren kom til Halsa kyrkje i 1921, fekk han greie på at det var malarkyndige folk i bygda. Ola Seter blei tilkalla som hjelpesmann. Han gjorde arbeidet så grunndig at Erdmann straks ville ha han med til fleire kyrkjer. Og sidan gjekk det slag i slag.



Kista som Seter laga. Foto: Privat.



Dette fann dei under golvet i kyrkja.



Slik ser benken ut i dag.

Til Hamre kom Ola Seter hausten 1946. Skipsreiar Haakon Wallem hadde gjeve klar beskjed om at han ville betala restaureringa av kyrkja. Presten Lars Bergo siterer kva han sa: "Gå i gang, jeg skal koste det." Den kjende arkitekten Frederik Konow Lund fekk oppdraget med å laga arbeidsteikningane.

Første del av arbeidet var å vaska ned overmalinga frå 1867. Det var ikkje lett, for den lyse malinga hadde hefta seg godt til underlaget. Ein hadde i utgangspunktet tenkt å få fram att dei gamle bileta, men no vart ikkje det så enkelt. Seter ville gjerne mala oppatt biletene han meinte å sjå konturane av, men Riksantikvaren bestemte at berre slike ein var heilt sikker på, skulle oppattmålast. Derfor står det no tome biletramer langs langveggene i Hamre kyrkje. Seter fekk likevel kopiera plantedekor til nokre stader i kyrkja. Desse er merkte, så ein kan sjå kva som er kopi og kva som er originale arbeide.

Ola Seter var ein mann med mange talent.

Allereie som attenåring laga han seg eit kraftverk heime på garden der dei hadde hatt kvernhuset sitt.

Men det mest spesielle med han, utanom det kunstnarlege, var nok evnene hans til å finna ting andre ikkje såg. Han kunne peika ut plassar i kyrkjene der folk skulle leita, og så kom det for dagen det han hadde spådd dei ville finna. Ofte måtte det gravast under golv eller fjernast materiale for å koma til desse objekta. I den siste kyrkja han hadde oppdrag i, Byneset i Trondheim, bad han dei fjerne murpuss på ein bestemt vegg han peika ut. Bak var det ein omfangsrik mellomalderdekor.

I Hamre kunne Seter fortelja at dei kunne finna originale benke-vangar dersom dei braut opp golvborda der han peika.

Og det var slik. Vangane er no kopierte og står framst på kvar side av midtgangen. Det var også mykje anna Seter fann som er viktige for kyrkja si historie. Til dømes klarte han å identifisera skriftestolen ved hjelp av ei innskrift, og finna ut kvar han eingong hadde stått. Det blei laga ein kopi som no står på denne staden i det syd-austre hjørnet av koret. Seter var med under heile restaureringsarbeidet som vart avslutta med nyopning av kyrkja 2. pinsedag 1949. Det var også ideen hans å drepa miten i treverket med solarolje. Over tusen liter blei sprøyta inn i treverket, og presten Bergo skriv at inne i kyrkja lukta det som i maskinrommet på ein fiskekutter.

Medan han arbeidde på kyrkja, budde han privat på Reigstad. Randi (f. Reigstad) Loftås kan hugsa ein kjekk og omgjengeleg kar som fekk bruket det finaste rommet i huset. Ho var tidleg i tjueåra den gongen. Som takk for opphaldet dekorerte Seter ei lita kiste som no er i familien si eiga. Ho har tilsvarende dekor som veggane i kyrkja, og er laga av kapp frå gamal material derfrå.

Det var på nabogarden nede i kjellaren at Ola Seter blei vist det skapet som no står i kyrkja sitt sakresti. Det skulle ein gong ha tilhørt kyrkja, og ser ut som eit arbeid frå sein 1500-tal.

Han fekk også tid til å dekorera taket i det som den gongen var kommunehuset i Hamre kommune, som no er bygdehuset "Hamretun". I andre etasje har han måla himmel og skyer i to rom.

Ola Seter fekk kongens fortenestemedalje i gull i 1962. Han døydde i 1978 og budde dei siste åra av sitt liv i heimbygda Halsa.

KONFIRMANTAR VÅREN 2014

27.04.2014 kl.10:00 GJERSTAD KYRKJE

JENTER

HODDEN ANN-HELEN RØSKELAND
NESSESTRAND LENA KALLESTAD
VEDÅ CATHRINE

GUTAR

HANSTVEDT TONY BØE
KALLAND MARIUS
KVARVEN STEFAN CORNELIUS BUENE
NJAASTAD HÅVARD
RØD RASMUS KLOVNING
SOLBERG JAKOB-JOHAN BIRKELAND

27.04.2014 kl.12:00 GJERSTAD KYRKJE

JENTER

GRYTAAS ÅSHILD

GUTAR

BERGAN ANDERS
BJØRGO ENDRE
ENGSTRØM JOAKIM
GJELVIK JOAKIM LEE SKJERPING
LIABØ MATIAS
LØTVEIT RICHARD FITJE
LÅSTAD MARKUS RØD
NESE MORTEN
NILSSEN SIMON ASKELAND
PRESTTUN ASGEIR

27.04.2014 kl.11:00 HOSANGER KYRKJE

JENTER

BIRKELAND EMMA VERONIKA
BIRKELID LINE VIK
LAVIK STINE MARIE TVEDT
LONE MADELEINE
TYSSE ANETTE BYSHEIM
TYSSE ELISABETH BJØRNSEN
HANSTVEIT AMANDA (KJEM FRÅ SALHUS
SOKN)

GUTAR

FJELLSKÅL ANDREAS HUSEBØ
HANSTVEDT ROBERT TYSSEBOTN
KÅRSTAD MARIUS
LUNDBLAD KENNETH TYSSE
NORDBØ IVAR BERNES

04.05.2014 kl.11:00 BRUVIK KYRKJE

JENTER

GJERVIK ROSE ISABELL SALBU
LANGHELLE CAROLINE SOLBERG

04.05.2014 kl.11:00 HAMRE KYRKJE

JENTER

AASHEIM KAIA
BERENTSEN IRMELIN ASKILDESEN
HUSTRULID ELIN ROGNALDSEN
JENSEN EVYANN MARRI
KLÆVOLD CHRISTINE VÅGAN
REIGSTAD SIGRID BRU
RUNDHØVDE ANDREA SLEIRE
ØDEGÅRD MAJA
NOOR ANISHA ALI

GUTAR

ALDEN THOMAS BOLSTAD
BURKELAND MARCUS HOLSEN
EDWARDSDAL ALEXANDER MJELDE
ERIKSEN ANDERS RULLESTAD
HANNISDAL MAGNUS REIGSTAD
HAUGE MATHIAS VANGEN
HJELMELAND ESPEN GUNDERSEN
IVERSEN TOBIAS EDGAR
KVAMME ANDREAS MONGSTAD
LANGHELLE OLVAR KNUDSEN
MJELDE ANDERS BRAKVATNE
RAKNES VETLE RUUD
KLEPPE OLAV

11.05.2014 kl.11:00 HAUS KYRKJE


JENTER

ANTUN MARTE RIVENES
GJERSTAD INA
SIVERTSEN SUSANN BIRKELAND
SLETTEBAKKEN MARTHE
STOKKE BENTE
TOMREN PAULINE
VESETH HEIDI JOHANNE MYKING
VESETH ANDREA MJELDE

GUTAR

AARBAKKE JOACHIM
AARBAKKE GLENN ANDRE
BØE THOMAS HAUGE
HALLELAND SONDRE MOLDEKLEIV
HESTNES MAGNUS AUSTGULEN
HØYLO FREDRIK MJELDE
PETTERSEN TORGEIR BORTNE
RIVENES KRISTIAN SOGNNES
SKJERPING JOAKIM
STOKKE ALEKSANDER GJØVÅG
STOKKE JØRAN

KARNEVALSGUDSTENESTE I HAUS 23.FEBRUAR



Søndag 23.februar var det mange som fann vegen til Haus kyrkje, trass skikkeleg ruskevér. Nokre var utkledde og andre såg heilt vanlege ut. Presten hadde ein gammal prestekjole med pipekrage, sidan grunnlovsjubileet vart markert denne dagen (1814-2014). Søndagsskulen deltok med livleg song og rørsle. Celine Daltveit Kvalsvik spelte flott på toradar. 6-åringane fekk bok frå kyrkjelyden.

6-årsboka blir delt ut, fordi barna skal få opplæring i kristen tru. Mot slutten av gudstenesta kunne ein følgja ein lang karnevalsprosesjon rundt om i kyrkja. Her var mange festlege antrekk og mange blide fjes å sjå. Som avslutning runga Fedrelandssongen, «Ja, vi elsker dette landet», gjennom kyrkja.

**Trusmedarbeidar
Helga Askeland Mjelstad**

Babysong på Hamre og Gjerstad

Alle barn på Osterøy frå 0-1 år får tilbod om babysong. Annankvar onsdag blir det arrangert babysong i borgstova på Hamre og annankvar onsdag i Gjerstad kyrkje. Babysong er ein fin måte for småbarnsforeldre å koma saman på. Først har me eit program som er tilrettelagt for babyar. Det innehold barnesongar, rim, regler, rytmelik og barnesalmar. Etterpå er det tid til prat og litt forfriskingar. Her er plass til fleire! Av praktiske grunnar har me påmelding til babysong; sms til 48 09 56 58. Bli gjerne medlem i Facebookgruppa «Babysong Osterøy kyrkja»

**Trusmedarbeidar
Helga Askeland Mjelstad**





DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy

APRIL

Sundag 5/5-2013, 6. sundag i påsketida

Haus kl 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Tomren. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Torsdag 9/5-2013, Helgetorsdag

Bruvik kl 17: Høgmesse. Nattverd. Tomren.

Sundag 12/5-2013, Sundag før pinse

Bruvik kl 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Tomren.

Fredag 17/5-2013, Grunnlovsdagen

Hamre kl 10: Festgudsteneste. Sørheim. Takkoffer til Kirkens SOS i Bjørgvin.

Haus kl 10: Festgudsteneste. Tomren. Takkoffer til Sjømannskirken.

Bruvik kl 11: Festgudsteneste. Audun Mosevoll.

Hosanger kl 12: Festgudsteneste. Sørheim. Takkoffer til Kirkens SOS i Bjørgvin.

Gjerstad kl 12: Festgudsteneste. Tomren. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Sundag 19/5-2013, Pinsedag

Hosanger kl 11: Høgmesse. Sørheim. Takkoffer til DNM.

Haus kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren. Takkoffer til KFUM/KFUK global. Osterøy museum - Gjerstad kl 10 Forenkle friluftsgudsteneste i samband med slektstreff for slekta Hauge. I kyrkja om därleg ver. Ope for alle.

Måndag 20/5-2013, 2. Pinsedag

Hamre kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.

Bruvik kl 17: Friluftsgudsteneste. Tomren.

Sundag 26/5-2013, Treeiningssundag

Hosanger kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.

MAI

Torsdag 1/5-2014, 1. mai

Bruvik kl 17: Samtalegudsteneste. Tomren.

Sundag 4/5-2014, 3. sundag e. Påske

Bruvik kl 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Tomren.

Hamre kl 11: Høgmesse. Konfirmasjon. Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Sundag 11/5-2014, 4. Sundag e. Påske

Haus kl 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Dåp. Tomren. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim. Takkoffer til Normisjon.

Laurdag 17/5-2014, Grunnlovsdagen 1814 - 2014

Hamre kl 10: Festgudsteneste. Sørheim. Takkoffer til Kirkens SOS.

Haus kl 12: Festgudsteneste. Tomren. Takkoffer til Sjømannskirka.

Bruvik kl 11: Festgudsteneste. Vikar.

Hosanger kl 12: Festgudsteneste. Sørheim. Takkoffer til Kirkens SOS.

Gjerstad kl 10: Festgudsteneste. Tomren. Takkoffer til Sjømannskirka. Osterøykoret syng ved bautaen utanfor kyrkja etter gudstenesta.

Sundag 25/5-2014, 6. sundag e. Påske

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Nattverd. Tomren. Takkoffer til Døveskulen.

JUNI

Sundag 1/6-2014, Sundag før Pinse

Haus kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren. Takkoffer til Lovsongshimen i Bangkok. Kyrkjekaffi.

Sundag 8/6-2014, 1. Pinsedag

Gjerstad kl 17: Familiegudsteneste. Tomren. Takkoffer til Normisjonen.

Bruvik kl 11: Høgmesse. Nattverd. Tomren.

Hosanger kl 11: Høtidsgudsteneste. Dåp. Nattverd. Sørheim. Takkoffer til DNM - Det Norske Misjonsselskap.

Måndag 9. juni-2014, 2. Pinsedag

250-meterskogen Valestrand kl 12: Friluftsgudsteneste. Tomren. Sørheim. Prost Geir Sørebø frå Nordhordland prosti og Prost Øystein Skauge frå Arna og Åsane prosti. Osterøykoret deltek. Takkoffer til sundagsskulen.

INFO

Bli kjend-konsert i Hamre kyrkje 9. april kl 19.30.

Konsert med Per Inge Hove og Baard Eikaas. Konserten var planlagt før jul, men blei av ulike grunnar utsett.

Dei nye kantorane speler variert musikk og det blir ein kort presentasjon av kantorane.

Gratis inngang.

Salmekveld i Gjerstad kyrkje 10. april kl. 19.30

med tidligare medlemmer av Osterøy kyrkjekor og Baard Eikaas.

Vi syng nye og gamle salmer saman.

Velkommen om du liker å synge, eller berre liker å lytte til song og musikk!

Gratis inngang.

Grunnlovs-konsert i Hosanger kyrkje 15. mai kl 20.00

med Per Inge Hove og Baard Eikaas

Vi feirer grunnlovsjubileet med ein konsert med norsk musikk og fedrelandssalmer i fokus.

Ein av Eidsvoll-mennene, Nicolai Wergeland, var fødd i Hosanger i 1780. Hans heimekyrkje er ein naturleg stad å halde ein slik konsert på Osterøy i jubileumsåret.

Gratis inngang.

Hosanger sokneråd takkar for gáve i samband med gravferda til Aslaug Strømme Tysse 3. januar 2014.

Minnegáva var på kr. 7951

PÅMINNING OM GJENBRUK

No når våren er her kjem folk og vil stella med gravene rundt om på kyrkjegardane. Det kan vera kransar ein sette opp før jul som ein no vil byta med vårlege vekstar. Vi ønskjer alle at kyrkjegardane skal sjå pene og velstelte ut, og samstundes vil vi minna om at kransar kan brukast om att. Dei tek stor plass i bosset, så vi vil oppmoda folk om å ta kransane med seg og pynta dei opp att når den tid kjem.

Gamle salmebøker til salgs.

Alle kyrkjene på Osterøy har no teke i bruk den nye Salmeboka. I Hamre set vi att med eit stort lager av dei gamle salmebøkene, Norsk salmebok frå 1985.

Er det nokon der ute som kunne tenkje seg ei gammal salmebok?

Hamre Sokneråd har bestemt å selje nokre av desse salmebøker til kr. 100,- pr stk. Henv. i kyrkja.

Vellukka kyrkjelydsbasar i Hamre.

For første gong tok Hamre Sokneråd sjansen på å arrangere kyrkjelydsbasar Den gjekk av stabelen 2. februar i lokala til Danielsen skule på Valestrand. Vi var spente på korleis dette ville bli teke imot, og det gjekk over all forventning. Vi fekk mange flotte gevinstar både til loddbøkene og til åresalget, også på sjølve basardagen strøymde det inn. Vi enda opp med å ha ca 30 gevinstar på kvar loddtrekning og kjøpelysta var stor. Og gevinstane fekk mange lukkelege eigara.

Inge Sørheim hadde ord for dagen. Jakob spelte klarinett akkompagnert av organisten Per Inge Hove. Eit populært og flott innslag. Kaffi og kaker fekk ein å gå på innimellom trekningane. Det økonomiske resultatet var svært godt, ca 39.500,- netto inntekt! Takk for den flotte responsen de gav, for gjevarglede både til enkelt-personar og næringslivet! Takk til ALLE som gjorde ein kjempeinnsats for at dette vart eit vellukka arrangement!

På vegne av Hamre Sokneråd

Jenny Eikeland

Vårdugnad / Hamre Kyrkjegard.

Hamre Sokneråd inviterer til vårdugnad på kyrkjegarden onsdag 30. april frå kl. 18.00. Ta med høveleg hageredskap: trillebåre, rive, beskjæringsaks, etc.

Soknerådet serverer kaffi og noko attåt i Borgstova.

Velkomen til ein innsats for eit fint uteområde rundt kyrkja vår!

Slekters gang

Døypte:

Haus

01.12.13 Lisa Birkelund

12.01.14 Leah Edvardsdal

12.01.14 Sondre Lundgren Skår

09.02.14 Victoria Hammer Bolstad

09.02.14 Maya Mjelde Holsen

09.02.14 Martin Løtveit Aasheim

23.02.14 Simon Halryno

Gjerstad

05.01.14 Astrid Ylva Lone Bernes

19.01.14 Markus André Solberg Birkeland

02.02.14 Mari Haug Myking

16.02.14 Leander Revheim Låstad

23.03.14 Christel Dorthea Heimdal Teigland

Hamre

24.11.13 Lars Burkeland

24.11.13 Brage Flesland Tepstad

24.11.13 Christian-René Liseth-Birkeland

24.11.13 Elise Rosquita Sætre

24.11.13 Emma Hernes Nygaard

29.12.13 Sabine Angelica Sverrisdottir Sætrevik (Arna kyrkje)

05.01.14 Noah Tufta

09.02.14 Alexander Dela Cruz Børtevit

23.03.14 Eric Stanley Håland

23.03.14 Madelen Eikeland

23.03.14 Linea Evensen Reigstad

23.03.14 Teodor Strømme Paulsen

Hosanger

15.12.13 Jonathan Holen Pereira (busett Oslo)

Vigde:

Hamre

08.02.14 Camilla Aune Tennebekk og Ove Bjørge

Gravlagde:

Bruvik

29.11.13 Ingeborg Vik (f.1920)

Hosanger

19.11.13 Liv Asora Bernes (f.1927)

06.12.13 Gustav Martin Halvorsen (f.1914)

03.01.14 Åslaug Svanhild Strømme Tysse (f.1920)

14.01.14 Ole J. Tyssebotn (f.1924)

11.02.14 Ottar Vikesund (f.1935)

25.02.14 Kjell Magne Skare (f.1926)(bisett)

18.03.14 Ingeborg Johanna Mjøs (f.1931)

Gjerstad

22.11.13 Edith Beate Hanssen (1921) Gravlagd Bruvik

26.11.13 Asbjørn Kjell Paulsen (f.1935) (bisett)

07.01.14 Peder Vedå (f.1930)

10.01.14 Berta Grytås (f.1916)

28.01.14 Olav Espenvoll (f.1919)

14.03.14 Norvald Myking (f.1940)

21.03.14 Svein Fossdal (f.1950)

Hamre

22.11.13 Nils A. Mostrøm (f.1925)

26.11.13 Åslaug Birkeland (f.1925)

21.01.14 Ingeborg Bolstad (f.1923)

24.01.14 Johannes Bjørge (f.1924)

31.01.14 Leander Vik Paulsen (f.2014)

18.02.14 Karin Annlaug Hopland (f.1924)(bisett)

20.02.14 Odd Leonard Edvardsdal (f.1930)(bisett)

TAPT

Nokre gonger tapar vi ein fotballkamp eller eit veddemål med kameratane. Andre gonger opplever vi langt meir alvorlege tap. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på kirkens-sos.no. **Vi er her. Alltid.**



REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30

BLINK HUS

Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen

www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg



SparebankenVest
- satsar på Vestlandet

MISTET

Nokre gonger mistar vi ein paraply eller ein hanske. Andre gonger opplever vi å miste noko langt meir alvorleg. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på kirkens-sos.no. **Vi er her. Alltid.**



TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER
AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR
Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

KYRKJEVERJA INFORMERER

VÅR -RYDDING PÅ KYRKJEGARDANE.

Etter dei store høgtider vert det mykje avfall, det meste organisk materiale, men det vert også ein del papir og plast etter oppryddinga som vert gjort av pårørande og tilsette i fellesrådet. Kyrkjeleg fellesråd prøver med dei midler vi har til rådvelde å halda kyrkjegardane i så fin stand som mogeleg. **Men vi er også svært avhengig av hjelp frå dei som bruker gravplassane til å halda ein god standard på rydding/ boss.**

Vår erfaring er at 75% av bosset som blir liggjande igjen er organisk materialet som vi kan kompostera. Resten er plast og papir. Kyrkjekontoret vil i løpet nokre veker setje opp skilt på dei ulike kyrkjegardane som viser kor ein kan leggja boss som kan komposterast.

Det hadde vore til stor hjelp for oss, dersom dei som steller gravene kunne sortert bosset slik at organisk materiale blir lagd i komposthaug som er merka på kyrkjegarden og anna boss i BIR-container.

Vi vonar at vi saman kan gjere vårt beste for at kyrkjegardane på Osterøy skal være ryddige og velstelte.

PRISAR PÅ GRAVTENESTER UTFØRT AV OSTERØY

KYRKJELEG FELLESRÅD OG LEIGE AV KYRJER.

Desse satsane gjeld frå 01.01.2014, vedteke i møte i Osterøy kyrkjeleg fellesråd 21.01.2014. Dette er satsar som gjeld Osterøy kyrkjeleg fellesråd. Gravferdsbyrå har sine eigne prislister.

UTGIFTER KNYTT TIL GRAVFERD:

1.1 Montering av nytt gravminne	kr. 1700,-
1.2 Justering av gravminne	kr. 1700,-
1.3 Oppretting med bolting	kr. 1400,-
1.4 Feste av grav pr. år utover fredningstida	kr. 270,-
1.5 Festearvift born	kr. 0,-
1.6 Festegrav – ektefellegrav	kr. 3500,-
1.7 Flytting av gravminne ved bruk av gammal grav *	
1.8 Stell av grav	kr. 1550,-
1.10 Kistegrav – innbyggjarar busett i andre kommuner	kr. 11000,-
1.11 Urnegrav - " " " "	kr. 6700,-

* Vert fastsett i kvart tilfelle.

LEIGE AV KYRKJER:

2.1 Konsertar mv, 10% av bill.inntekter, minimum	kr. 3000,-
2.2 Bryllaup. Innbyggjarar busette i andre kommuner	kr. 3500,-
2.3 Gravferdsseremoni utanbygds – andre trussamfunn	kr. 4600,-
2.4 Omvisning i Hamre kyrkje pr. person	kr. 50,-

NY BISKOP I TUNSBERG

I siste nummer av "Kyrkjehesting" hadde vi ein artikkel om Margunn Sandal som var biskopkandidat til Tunsberg. No er valet gjort, og det er Per Arne Dahl som vert ny biskop.

Etter ei veke med fin vår kombinert med sein påske, vert det iallefall påskeliljer i hagane kringom til påskehelga i år.

Kanskje det vert grøn bjørk midt i april og hegg i bløming til syttande mai også. Optimistar må vi vera!

Stoff som skal inn til sommarnummeret må leverast innan **19.mai**.

MERK NY MAILADRESSE: krifolder@gmail.com



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsaum

bunadsøle

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadog-stakkastovo.no